



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Invitasjon til digitalt møte om supplerande vern i Vestland

Statsforvaltaren har fått i oppdrag fra Miljødirektoratet¹ å gå i dialog med kommunane for å finne ut om det er lokal aksept for å verne eit utval område med verdifull natur. I den samanheng inviterer vi dei aktuelle kommunane i Vestland til eit felles digitalt møte der vi orienterer om oppdraget vi har fått.

I Vestland omfattar oppdraget mogleg oppretting av tre nye nasjonalparkar og inntil 22 mindre område, i tillegg til utviding av åtte eksisterande verneområde.

Kandidatområde i Austrheim

I Austrheim finst eitt slikt kandidatområde. Det er Purkebolvatnet med dei nærmeste nabovatna, som er eit uvanleg rikt våtmarksområde med svært høg produksjon av insekt. Insektproduksjonen gjer at området også er viktig for mange fugleslag, der fleire står på den norske raudlista. Best kjent er området sin funksjon som samlingsplass for låvesvaler under hausttrekket. Mange kveldar i august-september samlast opp til 12 000 låvesvaler seg i takrøyrskogen for å overnatte, før fuglane startar på hausttrekket. Så høge tal for låvesvaler er ikkje kjent frå nokon annan stad her til lands.

Området er i høg grad verneverdig, og kommunen har favorisert naturkvalitetane i kommuneplanen. Om området skulle bli verna etter naturmangfaldlova i framtida, vil ikkje forvaltinga bli mykje annleis enn i dag, men prinsippa for forvaltinga blir permanente.

På grunn av dei store naturverdiane vart området meldt inn som forslag til kandidatområde for vern til Miljødirektoratet i 2019¹, då vi skulle identifisere område med viktig naturmangfald som kunne egne seg som verneområde².

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland, står vi overfor ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur gjennom arealendringar er den viktigaste enkeltårsaka. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy i møte med naturkrisen.

¹ [Oppdragsbrev supplerande vern, 4.1.2022](#)

² [Svarbrev til miljødirektoratet med vedlegg, 1.2.2019](#)

³ [Oppdrag fra Miljødirektoratet om supplerande vern, 30.10.2018](#)



Områda som no skal vurderast og utgjera for vern i Vestland, skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneområde. Det er verna mye av dei sentrale høgfjellsområda i Noreg, men lite av dei meir artsrike områda i låglandet og langs kysten. Ved å bevare desse områda som dei er, kan dei bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, og om å ta vare på trua artar og naturtypar. Områda som vert føreslått verna skal også bidra til å danne økologiske nettverk og gjere norsk natur og artar meir motstandsdyktige mot dei negative effektane frå klimaendringane.

Dialog om kandidatområda

Kommunane skal involverast i endeleg utveljing av kandidatområde for vern før det vert starta formelle verneprosessar. Det vil til dømes vere høve til å føreslå alternative område til dei som har kome fram i prosessen til no. Føresetnaden er at slike alternative kandidatområde har omrent same naturfaglege kvalitetar som områda Miljødirektoratet har anbefalt å prioritere. Målet med dette er å finne fram til kandidatområde for vern av verdifull natur som det kan vere lokal oppslutning om. Då er naturlegvis også god dialog med grunneigarar og andre lokale interesser viktig. Gjennom denne dialogen med kommunane kan også Statsforvaltaren føreslå alternative område for å redusere eventuelle lokale konfliktar. I vidare prosess skal formell oppstart av verneplanprosessar prioriterast i område der det er lokal aksept for dette.

Invitasjon til møte

For å informere om oppdraget, bakgrunnen for det, og for å starte dialogen om aktuelle område, inviterer vi til digitalt møte med politisk og administrativ leiing på Teams den 28. april frå kl 09.00-11.00. Vi sender ei eiga digital innkalling til teamsmøtet. I tillegg er det naturleg at sakshandsamarar innanfor miljø og landbruk i kommunen deltek.

Vi håpar å få førebelse synspunkt og innspel til kandidatområda, og ikkje minst kva lokale interesser og brukarar av områda vi bør gå i dialog med så tidleg som råd i arbeidet.

Etter dette møtet ser vi for oss eigne lokale møte og informasjonskveldar med grunneigarar og andre lokale interesser. Vi vil også ha møte/dialog med lag og interesseorganisasjonar på regionalt nivå.

Meir informasjon om oppdraget, kart og omtale av kandidatområda kan de finne på [nettsidene våre](#).

Vel møtt!

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

Kart over kandidatområdet



Side: 3/3